

Aurlia – Aurlien (gnr. 131)

Aurlia: Namn der 1. leden truleg kjem av aurr, væte, våt sand, aur. Skrivemåten av namnet har elles vore svært ustø og med mange ulike avvik, så tydinga må seiast å vera uviss.

I skrivne kjelder finn vi garden først nemnt i manntalet for Kopskatten 1645. Namnet er da skrive "Oudenlj", og brukaren Knut Oudenlj betalde den utlikna skatten for 2 "Mandfolch" og 2 "Quindfolch" med tilsaman 1 mark 6 skilling. Truleg budde det da 2 familiar på garden, og slik at den eine husbonden heitte Knut og den andre Oluff. I manntalet for Kvægskatten 1657 er gardnamnet skrive "Orlin", og det samla husdyrhaldet på garden var i den tid 2 hopper, 14 naut, 7 geiter, 17 sauer og 1 gris. Berre det viser tydeleg at Aurlia alt da var kome langt ut over rydningsstadiet. Det viser og landskylda, som var 2 heile huder. Av Mannkjønnsmanntalet 1665 går det vidare fram at husbonden Knut egentleg heitte Knut Olsen, og at han da var 50 år. Dei andre karane i "OurLien" var i den tid Oluff Knutsen, som var 18 år og soldat, dessutan var det tenestguten Oluff Madsen, som var 16 år, og Gutorm Bargabassen, som var 80 år og "skrøbelig".

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Aarliien" fortalt at landskylda framleis var 2 huder, og at husbonden der, Knut Olsen, sjølv var både eigar og brukar av garden, som to framandkarar Haldour Ousdall og Lauridtz Gollaas før hadde ått, noko som atter viser at rydningstida sikkert låg ættleder tilbake. Av andre opplysningar om Aarliien i 1668 merker ein seg at korntienda vart utreidd med 3 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 35 tn., og at garden alt da hadde seter og sommarbeite åt krøtera på "Kindsetter", Kinna seter.- Ti år seinare er det tydeleg fortalt at ein gard "Aarliien" av skyld 2 huder, der Knut var brukar, ein annan gard "Aarliien" av skyld 2 ½ hud og ein tredje gard "Lien" av skyld 2 ½ hud, der Christen var brukar, alle var "Ryttergaarde" og isaman utgjorde eit rytterkvarter. Det "Lien" det her gjeld var sikkert Flifletlia.

Men i 1718 var det sonen Oluf Knutsen som hadde tatt over og var eigar og brukar av "Ourlien", som ein da finn namnet på garden skrive. Oluf Knutsen hadde vore gift med Kari Ingebretsdtr., men ho var i 1718 død, og det var arveskifte på "Ourlien". Ved dette skiftet er det opplyst at jordegodset i dødsbuet var 2 huder, og buet omrekna i pengar utgjorde brutto 156 rd. og netto 38 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen Oluf Knutsen, dei 3 borna i ekteskapet: 1. Knut Olufsen, 2. Anne Olufsdtr., 3. Gunild Olufsdtr. Av desse hadde Anne Olufsdtr. vore gift, men var da død og hadde 3 born etter seg: a. Oluf Svendsen, 5 år, b. Siri Svendsdtr., 9 år, c. Kari Svendsdtr., 4 år. Vidare er det og opplyst at Gunild Olufsdtr. da var 25 år.

Fem år seinare kom matrikkelframlegget av 1723 med nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Aarliien" av skyld 2 huder fortalt at garden ligg i baklia, og er noe tungbrukt; men jordarten er "temmelig god, dog noget Vaadlent". Det var skog til brenneved og gjerdefang og til hustømmer. Setra hadde berre "maadelig" med hamn, men det var utslåttar til 4 lass høy, og den årlege høyavlinga utgjorde i alt kring 35 lass. Buskapen hadde da auka til 3 hester, 1 føl, 20 naut, 16 sauer og 12 geiter, og den årlege utsæd utgjorde ca. 6 tønner bygg og 1 skjepp rug. Det er vidare fortalt at garden hadde eiga kvern, men som berre vart nytta til eige bruk. Eigar og brukar av garden i den tid var Knud Olsen, og vidare er det oppgitt at det da var ein husmannsplass med brukande jord til garden.

Husbonden Knud Olsen og kona hans, Anne Olsdtr., vart i 1741 samde om å halde skifte med borna sine medan dei båe levde. Ved dette skiftet vart jordegodset 2 huder i Aurlien verdsett til 200 rd., og arvebuet utgjorde brutto 426 rd. og netto 291 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Anne Olsdtr., dei 9 borna i ekteskapet deira. Dei var: 1. Kari, 26 år, 2. Ole, 23 år, 3. Anne, 20 år, 4. Malene, 18 år, 5. Tore, 13 år, 6. Beret, 12 år, 7. Ole, 8 år, 8. Sidsel, 7 år, 9. Gunnild, 3 år.

Om mye tragisk frå Aurlien fortel elles eit tingsvitnemål som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden: ”Aarlien i Faaberg. 15. febr. 1744. Knud Olsen Aarlien beklaget sig over en ildebrand på hans gård Aarlien samme dag som hans hustru blev begravet, nemlig 15. oktbr. sistl. 5 bygninger, nemlig 2 låver, fæhuset, 1 forhus og 1 svinehus samt hele gårdens avling ble ødelagt. Knud Olsen sitter nu i armod som enkemann med 9 barn, hvorav 2 er døde og dumme, en er ved sygdom således forstørret at det neppe er håp om restitution, og en på 11 år som nu først er begyndt å tale. Han fremstillet to naboer som vidner og begjærte tingsvidne.”

Femten år seinare var det i 1759 sonen Ole Knudsen f. 1718 som var vorte eigar og brukar av grd. Aurlien. han hadde da etter søknad fått bygselseddel av fogden på ”Kinden sæterløkke i almindingen under Ourlien” mot årlig avgift 6 skilling.

Av 1764 er eit skjøte som gir fleire opplysningar, og som vi her tek med etter utskrift:

”Ourlien.

Skjøte dat. 19. desember 1764 tgl. 18. februar 1765.

Barnene efter Knud Olsen Ourlien av Faaberg, neml. Ole Knudsen Ourlien d.y., Ole Hougen på sin hustru Anne Knudsdatters vegne, Christen Olsen Tomte av Edsvold prestegjeld på sin hustru Maleene Knudsdatters vegne, samt Sedsel og Berit Knudsdatter med formyndere, samt de to døvstumme Tore Knudsen og Kari Knudsdatter har arvet hver søn 3 skind for 50 rd., og hver datter 1 ½ skind for 25 rd., hvilke de nu selger til deres eldste bror Ole Knudsen for til sammen 300 rd. Kjøperen har at svare føderåd til faderen.”

Ole Knudsen som med dette tok over som eigar og brukar av Aurlien, gifta seg i 1773 med Kirsti Christensdtr., og dei fekk i 1775 sonen Ole. Men same året døde og faren Ole Knudsen, og det innleidde ei heller uviss og vanskeleg tid i Aurlien.

I denne tida finn ein fleire gonger husmannsplassen Ørslia under garden Aurlien nemnt. I 1767 heitte såleis husmannsfolka der Ole og Margrete Ørslie, og dei hadde hadde da eit dåpsbarn, som fekk namnet Svend. Ti år seinare var det Iver og Kari som var brukarfolk i Ørslie, og dei hadde den 23. mars 1777 sonen Hans til dåpen. To år seinare fekk dåpsbarnet med dei same foreldre Ørslie namnet Kari.

På Aurlien gard gifta i 1776 enka Sønnøv Andersdtr. ”Uurlie” seg oppatt med Hans Iversen Solberg av Gausdal, og dei fekk fleire born. Dei var: 1. Iver f. 1777, 2. Marthe f. 1779, 3. Christen f. 1782.

Men i 1798 gav hans Iversen Aurlien og hustru Sønnøv Andersdtr. skjøte til ”den nærmest odelsberettigede til denne Gaard, Anders Olsen, for kjøpesum 750 rd. + føderåd verdsett til 200 rd. – Tre års seinare kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 5 familiar på og/eller ved Aurlien. Dei var: 1. familie: 1. Anders Olsen, husbonden, 35 år, 2. Berthe Christensdtr., kona hans, 25 år, 3. Sønnøv Andersdtr., dotter deres, 3 år, 4. Iver Hansen, tenestkar, 24 år, 5. Ole Hansen, tenestkar, 26 år, 6. Christen Hansen, tenestkar, 20 år, 7.

Gunnhild Bentsdr., tenestkvinne, 21 år, 8. Berit Olsdr., tenestkvinne, 12 år. 2. familie: 1. Hans Iversen, føderådsmann, 67 år, 2. Sønnøv Andersdr., føderådskvinne, 65 år, 3. Martha Hansdr., dotter deres, 22 år. 3. familie: 1. Iver Hansen, husmann med jord, 61 år, 2. Kari Olsdr., kona hans, 53 år. 4. familie: 1. Hans Iversen, husmann med jord, 24 år, 2. Martha Gudmundsdr., kona hans, 25 år, 3. Gudmund, son deres, 1 år, 4. Ingebor, dotter deres, 1 år, 5. Hans Hansen, pleiebarn, 3 år. 5. familie: 1. Jacob Olsen, husmann med jord, soldat, 30 år, 2. Anne Olsdr., kona hans, 25 år, 3. Ole, son deres, 1 år, 4. Sønnøv, dotter deres, 5 år. Ein merker seg at gardnamnet også her i manntalet av 1801 er skrive: "Urlien".

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Ourlien" fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 5 hestar og 24 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 75 tønner. – Fem år seinare var det i 1824 skifte etter føderådskona Sønnøv Andersdr., som da var død. Sønnøv Andersdr. hadde vore ei livskraftig og sterk kvinne, som hadde vore gift to gonger, først med Ole Knudsen og så med Hans Iversen, og ho hadde fleire born i baa ekteskap. Borna hennes i ekteskapet med Ole Knudsen var: 1. Anders, 2. Ole, 3. Anne, som i 1824 var gift med Lars Kitlien, 4. Ingeborg, som i 1824 var enke i Håvesveen, 5. Tora, som var gift med Hans Bakke i Gausdal. – Borna i Sønnøv sitt andre ekteskap var: 6. Iver Hansen f. 1777, 7. Christen Hansen f. 1782, 8. Marthe Hansdr. f. 1779, som hadde vore gift med Simen Tollersrud, og med han hadde fleire born. Dei var: a. Peder Simonsen, da 22 år, b. Simon Simonsen, 16 år, c. Hans Simonsen, 14 år, d. Tore, 10 år, e. Ole Simonsen, 2 år, f. Sedsel Simonsdr., 20 år, g. Berte Simonsdr., 12 år, h. Karen Simonsdr., 7 år, i. Anne Simonsdr., 5 år. Men mora Marthe Tollersrud sjølv var død i 1824. Ein merker seg elles at ved dette skiftet i 1824 er gardnamnet skrive: Ourlien.

Berre to år seinare var i 1826 også føderådsmannen Hans Iversen død, og det var da atter skifte på Aurlien, men gardnamnet er da skrive Urlien. Av dette skifte går det vidare fram at dødsbuet, truleg utan jordegods, utgjorde brutto 282 rd. og netto 249 rd. Ein merker seg elles at eldste sonen, Iver Hansen, da er kalla Iver Ensbye.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 er namnet skrive Urlien (Arelid). Den gamle landskylda i mark og øre vart da skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling, og Urlien fekk da som ny skyld: 11 skylddalar 1 ort 22 skilling. Eigar og brukar av garden var da Ole Andersen. – Ole Andersen brukte så Aurlia til i 1849. Da skjøta han grd. Ourlien til Fredrik og Claus Kamstrup for kjøpesum 2200 spd. + føderåd verdsett til 590 spd., tilsm. 2790 spd. Dei to nye eigarane brukte så garden Ourlien samla til i 1850. Da selde dei ved skjøte av 16. april s. å. ein del av eignedomen, "Urlien" av skyld 6 dalar 19 skill. til Christen Andersen Ourlien for sum 1295 spd.

Dette skjøtet som her er av stor interesse, har etter attestert utskrift denne ordlyden: "Vi Undertegnede nemlig Fred. Kamstrup og Claus Kamstrup, som ved skjøte av 19de Septb. forrige Aar, thinglæst samme Dato er Eiere af Gaarden Ourlien i Faaberg Matr.Nr. 68 og Skyld 11 Daler 1 Ort 22 Skl., vedgaar herved at have solgt, ligesom vi herved hjemler og overdrager til Christen Andersen Ourlien, det halve af denne Gaard, med tillæg af den anden Halvdeel af Sæteren paa Kinden med tilhørende Herligheder, samt alle Gaardens Huse med Undtagelse af Fladlaaven og Lilleengladden, hvis skyld vil blive bestemt ved en Skylddelingsforretning, saasnart Aarstiden tillader den nødvendige Befaring, alt for den Summa 1000 Speciedaler. Og da bemeldte 1000 spd. er os betalt dermed, at Kjøbereren indfrier Halvdelen af den paa Gaarden hvilende Panteobligation med 800 Spd. og de 200 Spd. contant er os rigtigt udbetalt, saa skal bemeldte Deel af Gaarden Ourlien, saaledes som den oven antydede Skyldsætningsforretning nærmere bliver beskrevet herefter tilhøre Kjøbereren

Christen Andersen og Arvinger til Odel og Eiendom upaatalt af os eller vore Arvinger, dog at han svarer Halvdelen af de paa Garden Hvilende Føderaad til Birthe, Sønnøv og Ole Ourlien, med de Modificationer og Forandringer som findes bestemte i en under Dags Dato, mellem os undertegnede og Kjøberen opprettet Contract. Jongerud den 16. April 1850. Til Vitterlighed: N. Øfstedahl. B. Dahl. Det bemerkes at Kjøbesummen med Tillæg af det paa Eiendommen hvilende Føderaad udgjør 1295 Spd. Claus Kamstrup. C. Ourlien. F. Kamstrup. ¼ pct. til Faabergs Fattigkasse er betalt med 3 Spd. 1 Ort 5 Skl., tre Speciedaler 1 Ort fem Skilling. H. Jørstad.

Skylddelingsforretningen i samband med denne handelen blir attestert i avskrift sålydande: ”Aar 1850 den 12te og 13de Juni vare vi Christian Dahl, Arne Jørstad og Hans Skjeggestad samt Arne Lien, som af Lendsmanden paa Fogdens Vegne til den Ende udnevnte Laugrettesmænd forsamlede paa Gaarden Ourlien Matr.No. 68 i Faaberg Præstegjeld, for, ifølge Claus og Fredrik Kamstrups Forlangende og i Overensstemmelse med Lov af Mai 1845, at udskifte og skyldsette en Deel af bemeldte Gaard som Reqvirenterne Claus og Fredrik Kamstrup og Kjøberen Christen Andersen vare ved Forretningen tilstede og begjærde denne fremmet, idet de fremlagde Lendsmandens under 4de d.M. udfærdigede Mandsopnevne, som hermed følger. Mændene efter Udvisning og i Medfølge af begge Parter foretog sig at befare og besigtige, saavel den samlede Eiendom som den frasolgte Deel deraf, under hvilken Befaring de fornødne Granskninger og Sammenligninger mellem Jordarternes forskjellige Godhed og mer eller mindre fordelagtige Beliggenhed blev anstillede, hvornæst de for den afhændede Lod paaviste Grændser bleve beskrevne som følger: Forsaavidt Agerjeldet angaar, da udgjør en lige Linie fra Spidsen af en vestlig for Gaarden Hagehaffælden beliggende stor Steen og en Do. nedenfor Ageren Grænseskjellet mellem begge Eiendomme, hvilken Linie fortsætter ned til Elven. det solgte Agerjorde modstøder for øvrig Flifletliens Grændser og Ourliens Hjemhage. Engelandet Ødegaarden grænser mod Syd til Agerjeldet Kalveløkken og Hjemhagen mod Vest til Denne og Pladsen Ørslis Løkke, mod Nord Gaarden Arliens Grændser og mod Øst eller nordøst en lige Linie fra en merket gran og en dito Steen ved Arliens Grændse 25 Alen ovenfor et Haffeldhjørne og en Bæk til en barket Rogn og en merket Steen ved Gjærdet mellem Agerjeldet og Engen. Sæteren Kinden uden anden Forbeholdenhed fra Sælgerens Side og den halve Rettighed til Aavirke i Gaardens Skoug uden Fornærmelse for Sæterbruget paa Kjølen. Hjemhagens sydøstlige Deel, der paa den sydlige eller sydøstlige Side begrænses af Lien og Strætes Eiendomme paa den øvre Side Haffelden mellem Hjemhagen og Sætermarken og paa den nordlige eller nordvestlige Side en ret Linie fra et Punkt ved bemeldte Hafælde paa en Trediedeels Distanse af dens Længde fra Gaarden Strætes øvre Hafældhjørne og to Trediedeels af Distansen fra Hafældens Vestlige Hjørne, hvor Arliens Hjemhage modstøder til et mærket Træ ved Hafældhjørne ovenfor Gaarden Ourliens Tohuus. Havnerettighed i den hele Hjemmehage bliver dog Fælleds for begge Oppsiddere. Videre anmærkes at Pladsen Skaalsveens Løkke og Indhegninger følger den solgte Eiendom, ligesom Pladsen Ørslis forbliver Sælgerens og at de Gaarden tilhørende Øer i GUSDALS Elven bruges af enhver af Ourliens Opsiddere andet hvert Aar hva Høihøstningen angaar og Skovhugst i Fællesskab. I henhold til oven paapegede af Mændene anstillede Befaring og Granskning, skjønnede de, at benevnte til Christen Andersen udskiftede Gaardepart udgjør 6/11 af det samlede Brug og saaledes af selve Gaardens skyld 11 Spd. 1 Ort 22 Skl. 6 Skyld-daler 19 skilling, hvorefter Claus og Fredrik Kamstrups tilbagehavende Part af Ourlien faar Skyld 5 Daler 1 ort 3 Skl. – Til videre Opfyldelse af formeldte Lovs Bydende blev det vedtaget at Mændene afgive Møde paa førstkommende Maanedsting til Forretningens Afhjemling, hvilke Berammelsestid blev Partene tilkendegivet, hvornæst da ved Forretningen intet videre var at iagttage eller forlangtes tilført til den Ende blev Sluttet. Chr. Dahl. A. Jørstad. H. Skjeggestad. Arne Lien.”

Cluus og Fredrik Kamstrup brukte så sin del av grd. Aurlien saman til i 1852. Da gav Claus Kamstrup skjøte på sin del i garden til medeigaren Fredrik Kamstrup for kjøpesum 300 spd. og eit føderåd verdsett til 147 ½ spd.

Christen Andersen, som i 1850 overtok Aurlien av skyld 6 dalar 19 skilling, brukte denne sin del av grd. Aurlien samla til i 1859. Da selde han ein parsell på 7 mæling til Johan Olsen Stræte for 320 spd. – I denne tid var det elles fleire utskiftingar av sameigemark og sameigeskog der Aurligardane også var medeigarar. I 1863-64 var det såleis utskiftinga av ”Kinden Sæterskov”, og så å seia samtidig var det og utskifting av sameigeskog i Baklien.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire og nyare opplysningar om gardane. Det er opplyst at det da var vorte 4 bruksnummer ”Ourlien”. Det var: 1. Ourlien søndre, med Christen som brukar, og der jordbruksarealet av åker, eng og seterlykkjer tilsaman utgjorde 227 mål med 64 mål jord av 1. klasse. Ourlien nordre, hos F. Kamstrup, der dei tilsvarande areal var 239 mål og 52 mål. 3. Ourlien, Engen, hos J. Srræte, der dei tilsvarande tal var 28 mål og 6 mål, 4. Ourlien, seterlykkje, der dei tilsvarande areal var 20 mål og 4 mål. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på Ourlien søndre med husmannsplassar var: 3 hestar, 13 storfe og 18 småfe, og på Ourlien nordre med plassar: 3 hestar, 13 storfe og 14 småfe. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på Ourlien søndre med husmannsplassar var: 3 hestar, 13 storfe og 18 småfe, og på Ourlien nordre med plassar: 3 hestar, 13 storfe og 14 småfe. Fredrik Kamstrup og kona hans Marit Olsdtr. brukte Aurlia nordre til i 1876. Da gav dei skjøte på garden til Peder Olsen Ourlien for kjøpesum 730 spd. + eit føderåd av 5-årleg verdi 250 spd. – tre år seinare overtok Andreas Olsen Lien etter auksjonsskjøte av 6. okt. 1879 Ourlien nordre for sum 790 spd. Av eit anna dokument frå 1879 går det vidare fram at Andreas Olsen i den tid også var eigar av Veslesetra i Gausdal.

År 1886 kom den nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. ”Aurlien”, som garden der er kalla, fekk da gardsnummer 131 av samla skyld 17,69 mark, og det var også da 4 bruksnr. under gardsnr. 131 Aurlien. Det var: a. Grn. 131, brn. 1 Aurlien av skyld 7,37 mark, som Peter Olsen hadde overtatt, b. brn. Aurlien av skyld 9,47, som Andreas Olsen Lien altså var eigar og brukar av, c. brn. 3 Ødegaarden (Engeland), skyld 0,57 som tilhørde Johan Olsen Stræte, d. brn. 4. Rindaasen (Sæter), skyld 0,28 mark, som Peter Olsen Aurlien var eigar og brukar av.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at Andreas S. Fliflet hadde overtatt brn. 3 Aurlien av skyld 0,57 mark. – Da det truleg kan vera av interesse, tek vi her med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 5 personar med røysterett på og/eller ved Aurlien. Det var: 1. Gardbr. Andreas O. Ourlien, 64 år, 2. Gardbrukarson Laurits A. Ourlien, 38 år, 3. Gardbrukarson Ole A. Ourlien, 38 år, 4. Arbeidar Anton Mathiassen Skålsveen, 25 år, 5. Jon Mathiassen, husmann, 31 år.

Av handlar i seinare tid med Aurlien eller parsellar av garden går det vidare fram at i 1916 kjøpte så Martinus Brubakken grn. 131, brn. 5 Bergom av skyld 0,40 mark, og Ole Larsen tilhandla seg i 1922 brn. 6 Foslien, også av skyld 0,40 mark. Vidare overtok så Ole Aurlien garden Aurlien brn. 1 og 4 i 1914. Og nye brukarfolk i Aurlien brn. 2 overtok denne garden i 1951.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 fire bruk under grn. 131 som kvar for seg hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 131, brn. 1,4 Aurlien med eit jordbruksareal på ca. 190 mål, som Ole Aurlien altså var brukar og eigar av, b. Brn. 2 Urlen, jordbr. areal ca. 80 mål, eigar og brukar Laurits Urlen, c. Brn. 5 Bergum, jordbr. areal ca. 12 mål, eigar og brukar Martinus Brubakken, d. brn. 6 Ørslien, jordbr. areal ca. 15 mål, eigar og brukar Ole Ørslien.